

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1050

Førehandsrøysting i institusjonar m.m. og ambulerande røystemottak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Ved stortings- og sametingsvalet vert det halde førehandsrøysting på desse institusjonane: Osterøyutnet og Bergen kretsfengsel, avd. Osterøy. I tillegg vert det halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus og på Osterøy vidaregåande skule.

Frist for å søkja om å få røysta heime vert sett til onsdag 06.09.17, jfr. vallova § 8-3, nr. 6.”

Valstyret - 005/17

VS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

VS - vedtak:

«Ved stortings- og sametingsvalet vert det halde førehandsrøysting på desse institusjonane: Osterøyutnet og Bergen kretsfengsel, avd. Osterøy. I tillegg vert det halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus og på Osterøy vidaregåande skule.

Frist for å søkja om å få røysta heime vert sett til onsdag 06.09.17, jfr. vallova § 8-3, nr. 6.”

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har også ansvar for gjennomføring av førehandsrøystinga på institusjonar og ambulerande førehandsrøysting. Ved valet i 2015 var det førehandsrøysting på desse institusjonane/stadene i kommunen:

«Osterøytunet og Bergen kretsfengsel, avd. Osterøy. I tillegg vert det halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus.

Frist for å søkja om å få røysta heime vert sett til onsdag 09.09.15, jfr. vallova § 8-3, nr. 6.”

Ved førehandsrøysting på institusjon og ambulerande førehandsrøysting skal det vera minst 2 røystemottakarar til stades. Rådmannen har tidlegare fått fullmakt til å oppnemna røystemottakarar, sjá eiga sak om dette.

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta der førehandsrøystinga går føre seg, kan etter søknad til valstyret få førehandsrøysta der dei oppheld seg. Valstyret fastset frist for når søknaden må vera komen til kommunen. I vallova § 8-3, punkt 6, går det fram at fristen må fastsetjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag i siste veka før valet. I Osterøy har ein tidlegare sett denne fristen til onsdag i veka før valet. Søknadsfristen skal kunngjerast.

Vurdering

Kommunen er pålagt å ha førehandsrøysting i institusjonane. Erfaringa frå tidlegare val tilseier at det og kan vera greitt å halda førehandsrøysting i alders- og omsorgsbustader. Denne ordninga gjer at ein når mange på ein stad slik at ein sparar tid og kjøring til folk som ynskjer å få røysta heime. Mange av dei som bur i eldre- og omsorgsbustader har vanskar med å koma seg til røystelokalet. Nokre søker om å få røysta heime, men ofte vert det gjerne til at dei ikkje nyttar røysteretten sin. Rådmannen rår difor til at det vert halde førehandsrøysting på dei same stadene som ved førre val. I tillegg vil ein foreslå at det vert halde førehandsrøysting på Osterøy vidaregåande skule. Det er viktig å leggja til rette for at dei unge brukar røysteretten sin, og førehandsrøysting på skulen kan gjera det lettare for dei å røysta. Tid og stad for førehandsrøystinga i institusjonar m.m. vil verta kunngjort.

Folkehelse -	ikkje vurdert i saka
Miljø -	ikkje vurdert i saka
Økonomi -	ikkje vurdert i saka.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valstyret til vurdering og avgjerd.